

STRYN KOMMUNE



STRYN KOMMUNE

Planprogram naturmangfaldsplan

2027 - 2036

Innhald

1 Innleiing.....	3
2 Overordna føringar	3
3 Føremål med planarbeidet	3
4 Planen si avgrensing	4
5 Rammer for planarbeidet	5
6 Planprosess	6
7 Organisering	6
8 Medverknad	6
9 Behov for konsekvensutgreiing	6
10 Framdriftsplan	7

1 Innleiing

Stryn kommune er rik på naturverdiar – frå djupe fjordar og frodige dalar til mektige fjell og isbrear. Dette mangfaldet av naturtypar og artar er ein viktig del av identiteten vår, og det legg grunnlaget for både livskvalitet, friluftsliv, reiseliv og berekraftig utvikling. Samstundes står naturen vår overfor aukande press frå arealbruksendringar, klimaendringar og mange andre faktorar. I tråd med målsetjingar i kommuneplanen sin samfunnsdel og nyleg vedteken planstrategi, startar Stryn kommune arbeidet med å utarbeide kommunedelplan for naturmangfald.

Planprogrammet skal gjere greie for:

- Føremålet med planarbeidet
- Planprosess
- Opplegg for medverknad
- Behov for konsekvensutgreiing

2 Overordna føringar

Noreg har gjennom tilslutning til fleire internasjonale konvensjonar forplikta seg til å ta vare på artar og naturverdiar. FN har vedteke totalt 17 berekraftsmål, der fleire direkte og indirekte omfattar naturmangfald. I desember 2022 samla verdas land seg om naturavtalen «Kunming-Montreal Global Biodiversity Framework». Avtalen skal bidra til å ivareta og betre tilstanden til naturmangfaldet i verda. Noreg skal etter avtalen verne 30 % areal og restaurere 30 % av allereie forringa natur.

Stortingsmeldinga *Natur for livet* skildrar korleis regjeringa sin politikk skal bidra til å ta vare på naturmangfaldet. Der framhevast kommunane si rolle i dette arbeidet. Det peikast særleg på den avgjerande rolla kommunen har for avgjerder i arealplanlegging, men også den heilskaplege tilnærminga kommunane har til lokalsamfunnsutvikling.

Utarbeiding av kommunedelplan er forankra i kommunen sin planstrategi, vedteken 31.10.2024. Stryn kommune vedtok same dag kommuneplanen sin samfunnsdel 2024-2035. Eitt av tre overordna samfunns mål er: «Stryn på lag med naturen». I dette ligg det at:

- Stryn forvaltar naturen forsvarleg
- Stryn skal redusere eige klimafotavtrykk
- Stryn skal vere godt rusta til å møte klimautfordringar i framtida

Tiltaka i samfunnsdelen er, blant anna å: «auke kunnskapsgrunnlaget om artar, naturtypar og naturområde i Stryn» og «oppdatere planverk for å unngå arealdisponering basert på mangelfullt kunnskapsgrunnlag». Kommunen sitt arbeid med kommunedelplan for naturmangfald er ein del av denne satsinga.

3 Føremål med planarbeidet

Hovudmåla med å utarbeide ein kommunedelplan for naturmangfald er:

- Samle eksisterande kunnskap om naturmangfald og artar i Stryn kommune for å gjere denne informasjonen lettare tilgjengeleg for politikarar, administrasjon, utbyggjarar, interesseorganisasjonar, grunneigarar og innbyggjarar.

- Avdekke kunnskapshol og med det kvar det er behov for ny kartlegging av natur. Planen skal synleggjere kva område som er ikkje er kartlagt, kva område som er kartlagt etter gammal instruks (DN håndbok 13) og kva område som er kartlagt etter ny instruks (NiN).
- Framheve naturverdiar som er særigne for Stryn og som med det er særskild viktige å ivareta, inkludert geologisk mangfald.
- Setje fokus på dei største trugslane mot naturmangfaldet i Stryn.
- Systematisere arbeidet med å hindre spreiding av framande artar med høg økologisk risiko.
- Utarbeide relevante temakart.
- Utarbeide handlingsplan med konkrete tiltak for å styrke kunnskapsgrunnlaget ytterlegare og for å ivareta naturmangfaldet i størst mogleg grad fram i tid.
- Planen vil vere eit grunnlag for å søke ekstern finansiering til aktuelle tiltak.
- At planen skal fungere som eit aktivt styringsverktøy for både administrasjon og politikarar inn i anna planarbeid.

4 Planen si avgrensing


Kunnskapsgrunnlaget til planen skal bygge på eksisterande kunnskap om naturmangfald på land, i sjø og vassdrag, samt geologisk mangfald. Planen skal gjelde for heile Stryn kommune då føremålet er å gje eit heilskapleg bilete på status og utfordringar for naturmangfald i kommunen.

Det er viktig å understreke at planen i seg sjølv ikkje vil løyse alle problem knytt til tap av naturmangfald. Planen vil fungere som eit styringsverktøy som systematiserer arbeidet med å hindre tap av viktige naturverdiar. Handlingsplanen med konkrete tiltak må oppdaterast jamleg. Kommunen vil heller fokusere på å gjennomføre færre tiltak som gjev god effekt, enn å gape over for mykje om gongen. Planen vert ikkje juridisk bindande.

Kartlegging av natur vil vere eitt av dei viktigaste tiltaka. Område som er under utbyggingspress prioriterast først, med andre ord utbyggingsområde som ligg inne i gjeldande arealplan og som ikkje er kartlagde. Når det gjeld sjøareal vil kommunen ikkje prioritere å kartlegge desse før eventuelt Miljødirektoratet har utarbeidd ny rettleiar for kartlegging av sjøareal etter NiN-metoden. Gjennomføringa av naturkartlegging og andre tiltak vil i stor grad avhenge av tilgang på natursats- og andre tilskotsmidlar.

Sjølv om kunnskapsdelen vil innehalde informasjon om naturmangfald i ferskvatn, vil ikkje handlingsplanen omfatte tiltak for betring av vassmiljø. Det er fordi dette er omfatta av anna planverk, hovudsakleg Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion, Prosjektplan for Nordfjord vassområde og til dels Kommunedelplan for avløp.

Å fjerne alt av invasive framande artar er ei tilnærma umogleg oppgåve. Mange framande artar har allerede fått fotfeste i Stryn kommune, til dømes platanlønn, parkslirekne og hagelupin. Hovudfokus i handlingsplanen vil vere å hindre spreiding av framande invasive artar til sårbar natur. Artar som utgjer den høgaste økologiske risikoen vil få høgaste prioritet.



Figur 1: Framande artar som har stort invasjonspotensial (spreier seg lett) og som også har stor negativ økologisk effekt (fortrenger stadeigne artar), utgjør den største trugselen mot naturmangfaldet lokalt.

Planen vil med anna omfatte tema som: Vilt, verneområde, myr og våtmark, naturtypar av nasjonal, regional og lokal verdi, villrein, nasjonal laksefjord og nasjonale laksevassdrag, anadrom laksefisk generelt, framande artar, raudelista artar og geologisk mangfald.

Planen vil ikkje omfatte tema som: turisme, slitasje på naturen som følgje av friluftsliv, skjøtsel av naturen, forsøpling av naturen, forureining av naturen og vassmiljø. Sjølv om desse temaa er høgst relevante i samband med naturmangfald, er det meir naturleg at desse temaa er omfatta av andre planar og kommunen si daglege drift.

5 Rammer for planarbeidet

Kommunedelplan for naturmangfald i Stryn skal utarbeidast som ein tematisk kommunedelplan. Dette sikrar brei medverknad og god forankring politisk og administrativt, samt ein føreseieleg planprosess.

Stryn kommune har gjennom natursats-ordninga fått tildelt midlar for å utarbeide planen. Mykje av planarbeidet er tenkt utført ved hjelp av ekstern kompetanse, men kommunen vil sjølv fastsette handlingsplanen.

6 Planprosess

Plan- og bygningslova set krav om at kommunale planprosessar skal vere opne og føreseielege. I planprogrammet skal ein omtale planprosessen si organisering og framdriftsplan med milepelar. Det vert lagt opp til medverknad i tråd med krav i plan- og bygningslova. Utval for samfunnsutvikling er fagutval for planen. Godkjenning ligg til kommunestyret.

7 Organisering

Prosjekteigar:

Utval for samfunnsutvikling

Styringsgruppe:

Kommunedirektøren si leiargruppe

Prosjektleder:

Avdeling berekraft og næring v/ sakshandsamar miljø

Arbeidsgruppe:

Sakshandsamar miljø

Avdelingsleder plan

Avdelingsleder berekraft og næring

Referansegruppe

Avdeling kommunalteknikk

Folkehelsekoordinator

Representant for barn og unge

Statsforvaltaren i Vestland

8 Medverknad

I plan- og bygningslova forstår ein medverknad som enkeltpersonar og grupper sin rett til å kunne delta i og påverke offentlege utgreiings- og avgjerdsprosessar. Både planprogram og planforslag vil bli lagt ut til offentlig ettersyn slik at kven som helst kan kome med innspel. Vi vil også sende planprogram og planforslag til relevante interesseorganisasjonar for uttale.

9 Behov for konsekvensutgreiing

Planen utløyser ikkje behov for konsekvensutgreiing då den ikkje legg opp til fysiske inngrep eller tiltak som påverkar miljøet i vesentleg grad.

10 Framdriftsplan

[illegible]

